

Setesdølen

www.setesdolen.no

Nr. 27 Tysdag 3. april 2001

27. årgang

Laussal kr 6,-

Veldedighetsfest på AgderTeater i april:

Forviklingsspel med Evje teaterlag

Tekst: Ole-Birger Lien

Foto: Sigurd Haugsjerd

Den 27. april skal Evje teaterlag skipe til festforestilling på Agder Teater saman med mellom anna Great Garlic Girls, Sound of Happiness og Reflex. Det er om lag 500 plassar til forestillinga, og overskotet går til Stine Sofies Minne-stiftelse.

Så er dei i goeg att, teatergjengen på Evje. No skal dei framføre forviklingspelet "Tyven, tyven" av Dario Fo på Agder Teater, i ei forestilling kor overskotet går til Stine Sofies Minne-stiftelse. Lei- ar i teaterlaget, Kari Ann Strømme gler seg veldig til forestillinga.

- Me har jo framført dette stykket før, no skal me til Kristiansand med heile teatergruppa, så me må jo forandre stykket noko.

Teaterlaget skal gje forestillinga eit lokalt preg, slik at folk i Kristiansand kjenner seg att i det dei ser.

- Dette blir moro, og me håper det kjem mange folk, seier Kari Ann.

Det blir berre denne eine forestillinga i Kristiansand, med den ser ut til å bli litt av ei oppleving. Den flinke teatergjengen frå Evje er ikkje aleine på teateret 27. april.

- Great Garlic Girls skal opptre. Gruppa "Sound of Happiness" frå Kristiansand skal og vere med. Det er ei gruppe ungdommar som er psykisk utviklingshemma, og som viser ei musikalsk glede utan sidestykke, fortel ei entusiastisk Kari Ann Strømme.

Revygruppa "Complex" er og med på det som teiknar til å bli ein festkveld på Agder Teater. Dette er ei gruppe bestående av 4 mannfolk som kler seg i damekledde. Gruppa vann ein talentkon-



Her er gjengen i Evje teaterlag som skal syte for ein teatralisk opplevelse på Agder Teater. Frå venstre Linda Beate Sollie, Elisabeth Madsen, Ann-Sofie Helleland, Anne May Andersen, Erik Brøttveit, Line Vennesland Karlsen, Kristin Feed, Linn Veronica Johansen, instruktør Kari Ann Strømme og Sara Alexandra Desmond.

kurransé i fjor, og har spelt for fulle hus på sørlandet etter det. Alt i alt ser det ut som me kan vente litt av ei forestilling på Agder Teater den 27. april.

Billetter til festkvelden kan ein få hjå Agder Teater, og overskotet går altså til eit kjeupegeodt formål, Stine Sofies Minne-stiftelse.